



Møteinnkalling

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Fitjar rådhus, Møterommet i andre etasje
Dato:	21.01.2026
Tid:	10:00

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Kjell Aleksander Skogsrud
kontrollutvalsleiar

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 1/26	Godkjenningssaker Godkjenning av innkalling og sakliste Politiske saker		
PS 1/26	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.11.2025	2024/23	
PS 2/26	Melding om vedtak - budsjett 2026	2024/115	
PS 3/26	Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune - prosjektplan	2026/1	
PS 4/26	Møteplan 2026 for kontrollutvalet	2024/4	
PS 5/26	Årsmelding 2025 for kontrollutvalet	2024/24	
PS 6/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 7/26	Eventuelt	2023/498	

GK 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2024/23-22
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	1/26	21.01.2026

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.11.2025

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.2025 vert godkjent.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Møteprotokoll etter møte i Fitjar kontrollutval 10.09.2025



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	10.09.2025
Tid:	10:00 - 10:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	Leiar	AP
Karen Elisabeth Rydland Sæbø	Nestleiar	SP
Bjørg Tislevoll	Medlem	H
Johan Ove Sørffonn	Medlem	UAVH.
Rolf Atle Rolfsnes	Medlem	KRF

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar Vestland fylkeskom. sekret. for kontr. utv
Malene Hopsdal Grønningen	Rådgjevar Vestland fylkeskom. sekret. for kontr. utv.
Annbjørg Ryssdal	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Rachel Fleten Klyve	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Kjell Aleksander Skogsrud
Nestleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.05.2025	2024/23	
Politiske saker			
PS 19/25	Forvaltningsrevisjon - Førebyggjande arbeid blant barn og unge - revisjonsrapport	2024/138	
PS 20/25	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2025	2023/501	
PS 21/25	Budsjett 2026 for kontrollutvalet	2024/115	
PS 22/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 23/25	Eventuelt	2023/498	
Referatsaker			
RS 7/25	Medlemsbrev - God sommer fra FKT	2022/116	
RS 8/25	VS: Nyhetsbrev fra FKT - Kontrollutvalgslederskolen	2024/13	

Godkjenningssaker

GK9/25 Godkjenning av innkalling og sakliste Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 6/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.05.2025 Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 28.05.2025.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 28.05.2025 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 19/25 Forvaltningsrevisjon - Førebyggjande arbeid blant barn og unge - revisjonsrapport Forslag til vedtak

1. Etablere noko meir systematisk rapportering og oppfølging av mål i det førebyggjande arbeidet blant barn og unge.
2. Sikra at fordeling av roller, oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge er tydelege for alle relevante tilsette.
3. Sikra at tilsette i relevante tenester har naudsynt kompetanse til å handle på bakgrunn av bekymring for barn og unge.
4. Sikra at det blir etablert føremålstenlege system for samordning mellom alle aktuelle aktørar, der ein sikrar at den enkelte tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.01.2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Deloitte presenterte rapporten.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte også presenterer rapport når saka skal opp i kommunestyret.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Etablere noko meir systematisk rapportering og oppfølging av mål i det førebyggjande arbeidet blant barn og unge.
2. Sikra at fordeling av roller, oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge er tydelege for alle relevante tilsette.
3. Sikra at tilsette i relevante tenester har naudsynt kompetanse til å handle på bakgrunn av bekymring for barn og unge.
4. Sikra at det blir etablert føremålstenlege system for samordning mellom alle aktuelle aktørar, der ein sikrar at den enkelte tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.01.2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga

PS 20/25 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 26.11.2025 med frist for levering til sekretariatet 06.11.2025.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2025 skal behandlast, normalt i maimøtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Deloitte presenterte revisjonsplan risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 26.11.2025 med frist for levering til sekretariatet 06.11.2025.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2025 skal behandlast, normalt i maimøtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 21/25 Budsjett 2026 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2026.

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet presenterte utkast til budsjett 2026 for kontrollarbeidet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2026.

PS 22/25 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje særskilte merknader til nokon av protokollane.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 23/25 Eventuelt

Behandling i møte

Det vart orientert om folkevaldopplæring for kommunane i tidlegare Hordaland fylke på Solstrand 11.- 12. febr. 2026.

Utvalet avventar å ta stilling til deltaking til endeleg invitasjon er motteken.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Referatsaker

RS 7/25 Medlemsbrev - God sommer fra FKT

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 8/25 VS: Nyhetsbrev fra FKT - Kontrollutvalgslederskolen

Saksprotokoll 10.09.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/115-7
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	2/26	21.01.2026

Melding om vedtak - budsjett 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og vil nytte denne i vidare handsaming av påfølgjande saker i møtet.

Samandrag

Saka gjeld handsaming av budsjettvedtak som vart sendt kontrollutvalet ved sekretariatet 13.01.2026, og følgjene dette kan få for kontrollutvalet sitt vidare arbeid.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Melding om vedtak – Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 for Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet ved sekretariatet vart tilsendt brev frå Fitjar kommune 13.01.2026. Brevet gjaldt melding om vedtak i sak 56/25 «Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029», handsama i Fitjar kommunestyre 11.12.2025.

Det kjem fram i vedtaket at bevillinga til kontrollutvalet vart redusert med kr. 520.000 årleg, med eit årleg budsjett på 757.239 kr.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedteke budsjett og dei betydelege reduksjonane i rammene til kontrollutvalet, må utvalet gjere sine vurderingar i dei vidare sakene i lys av dei økonomiske føringane.

På dagens sakliste er det sett opp ei presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte om landbruksforvaltninga i Fitjar kommune. Kontrollutvalet må i den samanheng vurdere om prosjektet skal avsluttast som følgje av dei økonomiske rammene, eller om det skal rettast førespurnad til kommunestyret om auka løyving til gjennomføring av prosjektet.

Sekretariatet vurderer det og som formålstenleg å ta omsyn til budsjettvedtaket i den komande handsaminga av sak om møteplan for 2026, herunder å vurdere reduksjon i talet på årlege møte til fire.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og legg denne til grunn i den vidare handsaminga av dei påfølgjande sakene i møtet.

Kontrollutvalet v/Malene Hopsdal Grønningen

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2025/1365 2025/1365 Steinar Dalland 150 13.01.2026

Melding om vedtak - Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 Fitjar kommune

Vedlagt følger møtebok for sak PS 56/25 – Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 – handsama i Fitjar kommunestyre 11.12.2025.

Me viser særleg til pkt. 1 i driftsendringar i formannskapet sitt framlegg, der bevillinga til kontrollutvalet vart redusert med kr. 520.000 årleg.

Heile budsjettførehavinga er å finna på Fitjar kommune si heimeside under 'Politikk' og 'Budsjett og økonomiplanar'.

Med venleg helsing
Fitjar kommune

Steinar Dalland
kommunedirektør

Bente Fitjar
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur

Vedlegg:

- 1 Saksprotokoll Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

**MØTEBOK****Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029**

Utval sak	Utval	Møtedato
69/25	Formannskapet	25.11.2025
56/25	Kommunestyret	11.12.2025

Vedlegg:

- 1 Innspel til budsjett frå Råd for personar med funksjonsnedsetting
- 2 Innspel til budsjett 2026, Fitjar Ungdomsråd
- 3 Møtebok - Eldreråd
- 4 Saksprotokoll Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - Oppvekst og omsorg
- 5 Nye opplysingar vedk. budsjettet
- 6 Ressurskrevjande tenester - korrigert PU verdi
- 7 Premissar for budsjettet
- 8 Nærare om innsparingtiltak - støttekontakt i budsjett og økonomiplan 2026-2029
- 9 Spørsmål til oppvekst og omsorg 18/11-2025 - Fysioterapi
- 10 Svar på spørsmål frå Rune Helland (KrF)
- 11 Spørsmål til budsjett, utval for plan og miljø
- 12 Innspel til budsjett haust 2025

Nye vedlegg

- 13 Saksprotokoll Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - Plan og miljø
- 14 Innspel til budsjett - Smedholmen Kystlag
- 15 Innspel til budsjett - Utdanningsforbundet
- 16 Søknad om investeringsstøtte i samband med ny tilkomst til Smedholmen
- 17 Innspel til budsjett - Fitjar e-sportsenter
- 18 Oppmoding om busetting 2026 - Fitjar kommune
- 19 Innspel frå Dåfjord Næringsforum til Fitjar kommune sitt budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 .pdf
- 20 Budsjettavtale på stortinget

Utrykte vedlegg: Formannskapet PS 59/2025: Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029, med vedlegg.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet offentliggjør si innstilling til kommunestyret i tråd med kommunelova § 14-3, 4. lekk.

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 i tråd med premissene, med følgjande endringar:

Saksprotokoll i Formannskapet - 25.11.2025

Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la på vegne av H og FRP føre følgjande endring til framlegget frå kommunedirektøren, og gjekk gjennom endringspunkta:

BUDSJETT - formannskapet 25.11.25

	2026	2027	2028	2029	SUM
Overført til dispensasjonsfond	5 323 000		3 000 000		8 323 000
Overført til investeringsfond	8 000 000		8 000 000		16 000 000
Netto driftsresultat (meir- eller mindreforbruk)	2 177 000	7 707 000	6 819 000	9 529 000	26 232 000

Nye opplysningar budsjett;

Mindre tilskot ressurskrevande brukarar	-441 000	-441 000	-441 000	-441 000	-1 764 000
Havbruksfond - meir i årleg utbetaling	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Tilleggsreserve - lokale forhandlingar blitt dyrare enn berekna	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000	-1 480 000
Kontrollutvalet frå 730000 x 3,5 % = ca 755.550 - forslag 1.277.249,- lagt inn 757.249 - innsparing 520.000,-	520 000	520 000	520 000	520 000	2 080 000
Auka tilskot Fitjar Frivilligsentral	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000
Esportsenter - vidareføra lønnsmidlar for for 6 månadar 2026	-90 000				-90 000
Støtte Håkonarspelet -26	-150 000				-150 000
Støtte Fitjarfestivalen - 26	-75 000				-75 000
Midlar Fitjar kulturhus - utskifting nødlys	-97 000				-97 000
Midlar Fitjar kulturhus - varmpumpe	-42 000				-42 000
Kyrkjetaket, tilstandsrapport innfesting av takheller	-80 000				-80 000
Dekking av 5. ferieveke - alle barnehagar, vikar	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-180 000
2 nye lærlingar - helse/oppvekst/drift	-110 000	-390 000	-360 000		-860 000
Støttefunksjon Rimbareid, Kostnader lagt inn i revidert budsjett, viss ikkje tildeling frå nye prosjektmidlar					
Styrka Fysioterapeut - for unge/eldre , ta ein heilskapeleg gjennomgang av den samla organiseringa av førebyggjande og helsefremande tenester					
Netto driftsresultat etter endringer	1 247 000	7 031 000	6 173 000	9 243 000	23 694 000

Representanten Rune Helland (KRF) la på vegne av KRF føre følgjande endring til framlegget frå kommunedirektøren, og gjekk gjennom endringspunkta:

Framlegg til vedtak på vegne av KRF i formannskapsmøte 25.11.25
Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt budsjett og økonomiplan med følgjande endringar:

	2026	2027	2028	2029	I perioden	
	-2 177 000	-7 707 000	-6 819 000	-9 529 000	-26 232 000	
1	Kontrollutvalg 2025 nivå pluss deflator 3,5%	-545 000	-545 000	-545 000	-545 000	-2 180 000
2	Avslutte drifta i Dåfjorden Naturbarnehage haust 2027	748 000	840 000			1 588 000
3	Velferdstiltak tilsette i Fitjar Kommune, kaffipengar o.l	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
4	Behalde støttefunksjon Rimbareid skule	382 000	841 000	841 000	841 000	2 905 000
5	Ta imot 15 flyktninger i 2026	1 000 000	-300 000	-1 000 000	-900 000	-1 200 000
6	Ekstra løyving til Fitjar Sokn	120 000	120 000	120 000	120 000	480 000
7	Vedlikehald kommunale bygg, tilleggsløyving		1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
8	Auka kapitalkostnadar jmf. endr. Investeringer		40 000	150 000	150 000	340 000
9	Ferievikarar i barnehagane	354 000	309 000	309 000	309 000	1 281 000
10	Reduserte kapitalkostnadar overføring investering			-250 000	-500 000	-750 000
11	Korrigert tilskot ress.krevjande tenester	441 000	441 000	441 000	441 000	1 764 000
12	Korrigert havbruksfond	-180 000	-180 000	-180 000	-180 000	-720 000
13	Korrigert effekt av lønsoppgjjer 2025	375 000	375 000	375 000	375 000	1 500 000
	Endring driftsresultat	2 795 000	3 041 000	1 361 000	1 211 000	8 408 000
	Netto driftsresultat etter endringer	618 000	-4 666 000	-5 458 000	-8 318 000	-17 824 000
	Overføring investering		4 000 000	4 000 000	4 000 000	
	- = Overføring disp.fond + = mindre avsett til disp.fond	618 000	-666 000	-1 458 000	-4 318 000	-5 824 000

Noter til budsjettendringar	
1	Auka med deflator utifrå budsjett 2025.
2	Drift Dåfjorden Naturbarnehage til haust 2027 p.g.a usikkerhet for oppstart av oppveksstun
3	Midlar til velferdstiltak gjerne kaffipengar/frukt o.l
4	Behalde støttefunksjonar jmf. ønska tiltak
5	Ta imot flyktningar i.h.h.t førespurnad frå IMDI
6	Løyving jmf. Fitjar Sokn sin budsjettsøknad - trusopplæring og kyrkjetak
7	Midlar til vedlikehald av kommunale bygg.
8	Auke i kapitalkostandar i og med endring i investeringar
9	Jmf. ønska tiltak vikar ved ferieavvikling
10	Overført til investering - mindre låneopptak, endring i kapitalkostnadar
11	jmf. dokument frå Kommunedirektør
12	jmf. dokument frå Kommunedirektør
13	jmf. dokument frå Kommunedirektør

Endringar i investeringsbudsjettet. minus er mindreforbruk pluss er meirforbruk

Note		2026	2027	2028	2029	Perioden
	Tiltak					
1	Ventilasjonsanlegg Øvrabygda	530 000	1 590 000			2 120 000
2	Planlegging/ prosjekt nytt symjeanlegg/gymsal			500 000	500 000	1 000 000
	Sum endringar	530 000	1 590 000	500 000	500 000	3 120 000

Note	
1	Flytte investeringa til 2026/2027
2	Starte planlegging og utgreiing om bygging av nytt symjeanlegg og gymsal.

Ved røysting vart framlegget frå H og FRP sett opp mot framlegget frå KRF.

Framlegget frå H og FRP fekk 3 røyster (H og FRP).
Framlegget frå KRF fekk 2 røyster (KRF og AP), og fall.

Det ligg etter dette føre slikt vedtak:

Vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 i tråd med premissene, med følgjande endringar:

BUDSJETT - formannskapet 25.11.25**2026****2027****2028****2029****SUM**

Overført til dispensasjonsfond	5 323 000		3 000 000		8 323 000
Overført til investeringsfond	8 000 000		8 000 000		16 000 000
Netto driftsresultat (meir- eller mindreforbruk)	2 177 000	7 707 000	6 819 000	9 529 000	26 232 000

Nye opplysningar budsjett;

Mindre tilskot ressurskrevande brukarar	-441 000	-441 000	-441 000	-441 000	-1 764 000
Havbruksfond - meir i årleg utbetaling	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Tilleggsreserve - lokale forhandlingar blitt dyrare enn berekna	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000	-1 480 000
Kontrollutvalet frå 730000 x 3,5 % = ca 755.550 - forslag 1.277.249,- lagt inn 757.249 - innsparing 520.000,-	520 000	520 000	520 000	520 000	2 080 000
Auka tilskot Fitjar Frivilligsentral	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000
Esportsenter - vidareføra lønnsmidlar for for 6 månadar 2026	-90 000				-90 000
Støtte Håkonarspelet -26	-150 000				-150 000
Støtte Fitjarfestivalen - 26	-75 000				-75 000
Midlar Fitjar kulturhus - utskifting nødlys	-97 000				-97 000
Midlar Fitjar kulturhus - varmpumpe	-42 000				-42 000
Kyrkjetaket, tilstandsrapport innfesting av takheller	-80 000				-80 000
Dekking av 5. ferieuke - alle barnehagar, vikar	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-180 000
2 nye lærlingar - helse/oppvekst/drift	-110 000	-390 000	-360 000		-860 000
Støttefunksjon Rimbareid, Kostnader lagt inn i revidert budsjett, viss ikkje tildeling prosjektmidlar					Kostnader revidert viss ikkje tildeling prosjektmidlar
Styrka Fysioterapeut - for unge/eldre , ta ein heilskapeleg gjennomgang av den samla organiseringa av førebyggjande og helsefremmande tenester					Vurderes i revidert budsjett
Netto driftsresultat etter endringer	1 247 000	7 031 000	6 173 000	9 243 000	23 694 000

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2025**Behandling:**

Det vart tildelt rekkefølge for budsjettalar slik:

Ordførar Wenche Tislevoll (H)
 Nestleiar i utval for oppvekst og omsorg, Geirmund Aga (H)
 Leiar i utval for plan og utvikling, og gruppeleiar Jo Kjetil Strand (FRP)
 Gruppeleiar Jarle Helland (AP)
 Gruppeleiar Rune Helland (KRF)
 Gruppeleiar Kristian Skumsnes (SP)
 Gruppeleiar Gisle Levåg (H)
 Varaordførar Sigurd André Maraas (FRP)

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre følgjande framlegg til endringar ut frå kommunedirektøren sitt budsjett, på vegne av H, FRP og UAVH, og gjekk gjennom endringspunktka:

BUDSJETT - Formannskapet 25.11.25 og Kommunestyret 11.12.25	2026	2027	2028	2029	SUM
Overført til dispensasjonsfond	5 323 000		3 000 000		8 323 000
Overført til investeringsfond	8 000 000		8 000 000		16 000 000
Netto driftsresultat (meir- eller mindreforbruk)	2 177 000	7 707 000	6 819 000	9 529 000	26 232 000
Nye opplysningar budsjett;					
Mindre tilskot ressurskrevande brukarar	-441 000	-441 000	-441 000	-441 000	-1 764 000
Havbruksfond - meir i årleg utbetaling	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Tilleggsreserve - lokale forhandlingar blitt dyrare enn berekna	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000	-1 480 000
Endringar;					
Kontrollutvalet frå 730000 x 3,5 % = ca 755.550 - forslag 1.277.249,- lagt inn 757.249 - innsparing 520.000,-	520 000	520 000	520 000	520 000	2 080 000
Auka tilskot Fitjar Frivilligsentral	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000
Esportsenter - vidareføra lønnsmidlar for for 6 månadar 2026	-90 000				-90 000
Støtte Håkonarspelet -26	-150 000				-150 000
Støtte Fitjarfestivalen - 26	-75 000				-75 000
Midlar Fitjar kulturhus - utskifting nødlys	-97 000				-97 000
Midlar Fitjar kulturhus - varmepumpe	-42 000				-42 000
Kyrketaket, tilstandsrapport innfesting av takheller	-80 000				-80 000
Dekking av 5. ferieveke - alle barnehagar, vikar	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-180 000
2 nye lærlingar - helse/oppvekst/drift	-110 000	-390 000	-360 000		-860 000
Støttefunksjon Rimbareid,					
Kostnader lagt inn i revidert budsjett, viss ikkje tildeling frå nye prosjektmidlar					
Styrka Fysioterapeut - for unge/eldre , ta ein heilskapeleg gjennomgang av den samla organiseringa av førebyggjande og helsefremmande tenester	Vurderes i revidert budsjett				
Netto driftsresultat etter endringar - budsjett på høyring	1 247 000	7 031 000	6 173 000	9 243 000	
Endringar til kommunestyret 11.12.25					
Budsjettavtale på Stortinget - notat frå kommunedirektør 10.12.25	1 618 000	1 618 000	1 618 000	1 618 000	
Ekstern gjennomgang av gebyrregulativet - kostnader konsulent	-100 000				
Tidlegare oppstart rådgjevar landbruk/plan/forvaltning	-210 000				
Behalda støttefunksjon Rimbareid	-382 000	-841 000	-841 000	-841 000	
Styrka fysioterapi med 1 stilling frå mai 2026	-250 000	-436 000	-436 000	-436 000	
Midlar til vedlikehald vegar også i 2026	-1 000 000				
Netto driftsresultat etter endringer - avsett til disp.fond.	923 000	7 372 000	6 514 000	9 584 000	24 393 000
INVESTERINGAR - Endringar					
Ventilasjonsanlegg Øvrabygda flytta fram til 2026 - 2027	530 000	1 590 000	-530 000	-1 590 000	
Nytt hovudvassverk Rimbareid (farge) utgår ihht. Vassplan - 2029				-530 000	
Universell utforming kyrkja - kun utgreiing i perioden - 100.000 i -28 og -29		-100 000	-100 000	-1 900 000	
Sum endringar	530 000	1 490 000	-630 000	-4 020 000	

Representanten Rune Helland (KRF) la føre følgjande framlegg til endringar ut frå kommunedirektøren sitt budsjett, på vegne av KRF, AP og SP, og gjekk gjennom endringspunktka:

Framlegg til vedtak på vegne av AP, SP og KRF i kommunestyret 11.12.25						
Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt budsjett og økonomiplan med følgjande endringar:						
	2026	2027	2028	2029	I perioden	
Netto driftsresultat (mer- eller mindreforbruk) etter disponeringer	-2 177 000	-7 707 000	-6 819 000	-9 529 000	-26 232 000	
1 Kontrollutvalg 2025 nivå pluss deflator 3,5%	-545 000	-545 000	-545 000	-545 000	-2 180 000	
2 Avslutte drifta i Dåfjorden Naturbarnehage haust 2027	748 000	840 000			1 588 000	
3 Velferdstiltak tilsette i Fitjar Kommune, kaffipengar o.l	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000	
4 Behalde støttefunksjon Rimbareid skule	382 000	841 000	841 000	841 000	2 905 000	
5 Ta imot 15 flyktningar i 2026	1 000 000	-300 000	-1 000 000	-900 000	-1 200 000	
6 Ekstra løyving til Fitjar Sokn	120 000	120 000	120 000	120 000	480 000	
7 Vedlikehald kommunale bygg, tilleggsloyving		1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000	
8 Auka kapitalkostnader jmf. endr. Investeringar		40 000	150 000	150 000	340 000	
9 Ferievikarar i barnehagane	45 000	45 000	45 000	45 000	180 000	
10 Korrigert tilskot ress.krevjande tenester	441 000	441 000	441 000	441 000	1 764 000	
11 Korrigert havbruksfond	-180 000	-180 000	-180 000	-180 000	-720 000	
12 Korrigert effekt av lønsoppgjjer 2025	375 000	375 000	375 000	375 000	1 500 000	
13 Forlik Statsbudsjett, ekstra rammetilskot	-1 618 000	-1 618 000	-1 618 000	-1 618 000	-6 472 000	
14 2 nye lærlingar helse/oppvekst/drift	110 000	390 000	360 000		860 000	
15 Støtte Håkonarspel	50 000				50 000	
16 Støtte Fitjarfestivalen	75 000				75 000	
17 Midlar Fitjar Kultur og idrettsbygg	139 000				139 000	
18 Auka tilskot Fitjar Frivilligsentral	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000	
19 Tidlegare oppstart rådgjevar landbruk/plan/forvaltning	210 000				210 000	
20 Ekstern gjennomgang av gebyrregulativet	100 000				100 000	
Endring driftsresultat	1 702 000	1 699 000	239 000	-21 000	3 619 000	
Netto driftsresultat etter endringar	-475 000	-6 008 000	-6 580 000	-9 550 000	-22 613 000	
Overføring investering						
- = Overføring disp.fond + = mindre avsett til disp.fond	-475 000	-6 008 000	-6 580 000	-9 550 000	-22 613 000	

Noter til budsjettendringar	
1	Auka med deflator utifrå budsjett 2025.
2	Drift Dåfjorden Naturbarnehage til haust 2027 p.g.a usikkerhet for oppstart av oppveksstun
3	Midlar til velferdstiltak gjerne kaffipengar/frukt o.l
4	Behalde støttefunksjonar jmf. ønska tiltak
5	Ta imot flyktningar i.h.h.t førespurnad frå IMDI
6	Løyving jmf. Fitjar Sokn sin budsjettsøknad - trusopplæring og kyrkjetak
7	Midlar til vedlikehald av kommunale bygg.
8	Auke i kapitalkostandar i og med endring i investeringar
9	Jmf. ønska tiltak vikar ved ferieavvikling
10	jmf. dokument frå Kommunedirektør
11	jmf. dokument frå Kommunedirektør
12	jmf. dokument frå Kommunedirektør
13	Statsbudsjett, ekstra bevilgning til kommunane
14	Lærlingar jmf budsjettframlegg fleirtalspartia
15	Driftsstøtte Håkonarspelet
16	Driftsstøtte Fitjarfestivalen
17	Varmepumpe og naudlys
18	Auka tilskot
19	Jmf. info frå kommunedirektør
20	jmf vedtak i sak om gebyrregulativ i formannskapet

**Endringar i investeringsbudsjettet.
minus er mindreforbruk pluss er
meirforbruk**

Note		2026	2027	2028	2029	Perioden
	Tiltak					
1	Ventilasjonsanlegg Øvrabygda	530 000	1 590 000	-530 000	-1 590 000	0
2	Planlegging/ prosjekt nytt symjeanlegg/gymsal			500 000	500 000	1 000 000
3	Tribuneanlegg Moahagen, refusjon til Stiftinga Håkon den Gode	150 000				150 000
	Sum endringar	680 000	1 590 000	-30 000	-1 090 000	1 150 000

Note	
1	Flytte investeringa til 2026/2027
2	Starte planlegging og utgreiing om bygging av nytt symjeanlegg og gymsal.
3	Refusjon av utlegg til tribuneanlegg kosta av foreninga jmf forespørsel

Verbale føringar:

- Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei utgreiing om situasjonen som gjeld grunnbemanning i barnehage og skule, det bes om redegjøring knytt til etterleving av bemanningsnormer og oversikt over korleis dette er berekna og løyst i dagens økonomiplan.

Saka bes lagt fram for Utval for oppvekst og omsorg første halvår 2026.

- Kommunestyret ber om at Utval for oppvekst og omsorg får lagt fram sak om prosess med gjennomgang av vedtak for støttekontakt, saka bør klargjera dagens situasjon og kva som er tenkt status vidare.

Saka bes lagt fram på første møte i utvalet 2026 om dette er praktisk mogleg.

- I ein arbeidsmarknad der det framover vil bli stadig hardare konkurranse om arbeidstakarane, må me i Fitjar kommune vera klar for å møta denne utfordringa. Kommunestyret ber om at det blir laga ein strategi på korleis me skal kunne vere ein attraktiv arbeidsgjevar, både for noverande og framtidige arbeidstakarar.

Kommunestyret ber om at sak vert lagt fram for formannskapet før sommaren 2026.

Representanten Harald Rydland (KRF) la føre følgjande framlegg til verbal føring:

I kulturbudsjettet vert det sett av ein sum som skal delast ut til lag og organisasjonar. Kommunestyret ber formannskapet fastsetja retningslinjer for søknadsprosess og tildeling av tilskot.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå formannskapet. Dette fekk 0 røyster, og fall. Deretter vart framlegget frå H, FRP og UAVH sett opp mot framlegget frå KRF, AP og SP, inkl. verbale føringar frå KRF.

Framlegget frå H, FRP og UAVH fekk 9 røyster (H, FRP og UAVH).

Framlegget frå KRF, AP og SP fekk 8 røyster (KRF, AP og SP), og fall.

Det ligg etter dette føre slikt vedtak:

Vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 i tråd med premisene, med følgjande endringar:

BUDSJETT - Formannskapet 25.11.25 og Kommunestyret 11.12.25	2026	2027	2028	2029	SUM
Overført til dispensasjonsfond	5 323 000		3 000 000		8 323 000
Overført til investeringsfond	8 000 000		8 000 000		16 000 000
Netto driftsresultat (meir- eller mindreforbruk)	2 177 000	7 707 000	6 819 000	9 529 000	26 232 000
Nye opplysningar budsjett;					
Mindre tilskot ressurskrevande brukarar	-441 000	-441 000	-441 000	-441 000	-1 764 000
Havbruksfond - meir i årleg utbetaling	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Tilleggsreserve - lokale forhandlingar blitt dyrare enn berekna	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000	-1 480 000
Endringar;					
Kontrollutvalet frå 730000 x 3,5 % = ca 755.550 - forslag 1.277.249,- lagt inn 757.249 - innsparing 520.000,-	520 000	520 000	520 000	520 000	2 080 000
Auka tilskot Fitjar Frivilligsentral	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000
Esportsenter - vidareføra lønnsmidlar for for 6 månadar 2026	-90 000				-90 000
Støtte Håkonarspelet -26	-150 000				-150 000
Støtte Fitjarfestivalen - 26	-75 000				-75 000
Midlar Fitjar kulturhus - utskifting nødlys	-97 000				-97 000
Midlar Fitjar kulturhus - varmpumpe	-42 000				-42 000
Kyrkjetaket, tilstandsrapport innfesting av takheller	-80 000				-80 000
Dekking av 5. ferieveke - alle barnehagar, vikar	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000	-180 000
2 nye lærlingar - helse/oppvekst/drift	-110 000	-390 000	-360 000		-860 000
Støttefunksjon Rimbareid,					
Kostnader lagt inn i revidert budsjett, viss ikkje tildeling frå nye prosjektmidlar					
Styrka Fysioterapeut - for unge/eldre , ta ein heilskapeleg gjennomgang av den samla organiseringa av førebyggjande og helsefremmande tenester	Vurderes i revidert budsjett				
Netto driftsresultat etter endringar - budsjett på høyring	1 247 000	7 031 000	6 173 000	9 243 000	
Endringar til kommunestyret 11.12.25					
Budsjettavtale på Stortinget - notat frå kommunedirektør 10.12.25	1 618 000	1 618 000	1 618 000	1 618 000	
Ekstern gjennomgang av gebyrregulativet - kostnader konsulent	-100 000				
Tidlegare oppstart rådgjevar landbruk/plan/forvaltning	-210 000				
Behalda støttefunksjon Rimbareid	-382 000	-841 000	-841 000	-841 000	
Styrka fysioterapi med 1 stilling frå mai 2026	-250 000	-436 000	-436 000	-436 000	
Midlar til vedlikehald vegar også i 2026	-1 000 000				
Netto driftsresultat etter endringar - avsett til disp.fond.	923 000	7 372 000	6 514 000	9 584 000	24 393 000
INVESTERINGAR - Endringar					
Ventilasjonsanlegg Øvrabygda flytta fram til 2026 - 2027	530 000	1 590 000	-530 000	-1 590 000	
Nytt hovudvassverk Rimbareid (farge) utgår ihht. Vassplan - 2029				-530 000	
Universell utforming kyrkja - kun utgreiing i perioden - 100.000 i -28 og -29		-100 000	-100 000	-1 900 000	
Sum endringar	530 000	1 490 000	-630 000	-4 020 000	

Bakgrunn:

Alle dokument til saka er å finna på kommunen sine nettsider, under Politikk og Budsjett og økonomiplanar.

Kommunedirektøren presenterte sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029, i kommunestyret 23. oktober.

Formannskapet handsama sak den 6. november, og sende saka til utval og råd for uttale med slikt vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for personar med funksjonsnedsetting, Eldreråd og Ungdomsrådet for uttale.

Formannskapet handsamar saka 25.11. og offentleggjer deretter sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Kommunestyret handsamar saka med endeleg vedtak 11.12.

Utval for oppvekst og omsorg handsama saka 18.11. Møtebok legg vedlagt. Utval for plan og miljø handsamar saka 24.11. Møtebok vert ettersendt.

Råd for personar med funksjonsnedsetting handsama saka 5.11. Innspelet deira ligg vedlagt. Ungdomsrådet handsama saka 6.11. Innspelet deira ligg vedlagt. Eldrerådet handsama saka 17.11.

Det er kome til opplysingar som har verknad på budsjettet. Kommunedirektøren har skrive eit eige notat om dette.

Spørsmål og svar til budsjettet er vedlagt.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.



Saksframlegg

Saksnr: 2026/1-2
Saksbehandlar: Ikke fordelt til saksbehandlar

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	3/26	21.01.2026

Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan landbruksforvaltning i Fitjar kommune.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 11.02.2026. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 30.06.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i første haustmøte i 2026.

Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan innan landbruksforvaltning i Fitjar kommune. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte, eventuelt at kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan. Det kjem fram av prosjektplanen at forvaltningsrevisjonsrapporten er klar innan utgangen av mai 2026, og at kontrollutvalet kan handsame denne i første haustmøte i 2026.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
Rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 26.11.2025 (PS 24/25) prosjektplan for ny forvaltningsrevisjon:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av Landbruks- og miljøkontoret på Fitjar, innan første møte i hausthalvåret 2026.
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet seinast innan 08.01.2026.
4. Prosjektplanen skal behandlast i første møte i kontrollutvalet i 2026.

Kontrollutvalet ved sekretariatet mottok prosjektplan 08.01.2026, og denne er vedlagt saka (sjå vedlegg).

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med prosjektplanen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Fitjar kommune sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse innan landbruksforvaltninga.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har kommunen sikra ei organisering som legg til rette for god kvalitet i landbruksforvaltninga?
 - a) I kva grad er det ei tydeleg fordeling av roller og ansvar knytt til landbruksforvaltning i kommunen?
 - b) Er det etablert system og rutinar som sikrar kvalitet i sakshandsaminga innan landbruksforvaltning?
2. I kva grad sikrar kommunen tilstrekkeleg kompetanse ved landbruks- og miljøkontoret, (gjennom opplæring, rekruttering, rettleiing frå og samarbeid med andre aktørar mv.)?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring.

Tid og ressursbruk

Timeestimat for prosjektet er inntil 235 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Sekretariatet har gjennomgått prosjektplanen med omsyn til føremål, problemstillinger, avgrensingar, metode, tidsplan og ressursbruk, og har ikkje merknader til at det vert disponert ressursar inntil det timetalet som ligg i forslaget til prosjektplan.

Prosjektet vil starte opp i januar 2026 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2026. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen, og med stipulert timebruk, er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

Konklusjon

Det vert invitert til at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Fitjar kommune Landbruksforvaltning

Prosjektplan

Januar 2026

«Forvaltningsrevisjon av
Landbruksforvaltning»

Januar 2026

Rapporten er utarbeidd for Fitjar
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1	FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR	2
2	REVISJONSKRITERIER	3
3	METODE	5
4	TID OG RESSURSBRUK	6

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 26.11.2025, sak 24/25 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune.

Fitjar kommune var lenge vertskommune for eit samarbeid med Stord kommune om felles landbruks- og miljøkontor, men vertskommunesamarbeidet blei avslutta i 2024 etter at kommunestyret i Stord vedtok å seie opp denne avtalen. I bestillinga av prosjektplan i kontrollutvalsmøte 26.11.2025 blir det mellom anna vist til utfordringar knytt til rekruttering og landbrukskompetanse i kommunen, og dette er også noko kommunedirektør nemner som ei utfordring i kommunestyremøte i Fitjar kommune den 10.09.2025.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Fitjar kommune sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse innan landbruksforvaltninga.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har kommunen sikra ei organisering som legg til rette for god kvalitet i landbruksforvaltninga?
 - a. I kva grad er det ei tydeleg fordeling av roller og ansvar knytt til landbruksforvaltning i kommunen?
 - b. Er det etablert system og rutinar som sikrar kvalitet i sakshandsaminga innan landbruksforvaltning?
2. I kva grad sikrar kommunen tilstrekkeleg kompetanse ved landbruks- og miljøkontoret, (gjennom opplæring, rekruttering, rettleiing frå og samarbeid med andre aktørar mv.)?

2 Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Kommunen sine oppgåver og ansvar innan landbruksforvaltning

Kommunane spelar ei sentral rolle i norsk landbruksforvaltning. Jordlova slår i § 3 fast at kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen skal ha ansvaret for handsaminga av landbrukssaker. Kommunane har eit breitt ansvar for å implementere nasjonale landbrukspolitiske mål lokalt, samtidig som dei skal sikra jordvern, miljø og beredskap. Sentrale lovverk på området er jordvernlova, konsesjonslova og plan- og bygningslova.

Nokre av dei viktigaste oppgåvene og ansvaret kommunane har innan landbruk er:

- Arealforvaltning og jordvern
- Sakshandsaming og tilskotsforvaltning
- Tilsyn og kontroll
- Rettleiing og informasjon
- Beredskap og samfunnssikkerheit

2.2.2 Internkontroll

Internkontroll er eit systematisk arbeid i ein organisasjon for å sikre at aktivitetar blir utført i samsvar med lover, forskrifter, interne retningslinjer og vedtak. Det omfattar rutinar, prosedyrar og tiltak som skal førebyggje feil, avvik og risiko, og bidra til målretta og effektiv drift. Internkontroll skal også omfatte kompetanseutvikling og sikring av nødvendig fagkunnskap.

Kommunelova § 25-1 slår fast at kommunedirektøren har ansvar for internkontrollen i kommunen og at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhald. I samsvar med § 25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

For å sikre ei forsvarleg forvaltning av eit relativt omfattande og komplisert regelverk, er kommunane avhengig av tilstrekkeleg kompetanse i landbruksforvaltninga. Kommunane er sjølv ansvarlege for å sikre at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å handtere sine oppgåver.

Det er kommunen som fattar vedtak i dei aller fleste saker knytt til landbruk. I § 1 i forskrift om sakshandsaming mv. i kommunen¹ går det fram at kommunen har ansvar for å hente inn nødvendige opplysningar og tilrettelegge saker i alle saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.

Statsforvaltar er klageinstans i landbrukssaker som er handsama i kommunane. Statsforvaltar kan også fungerer som rettleiande instans ovanfor kommunen i landbrukssaker.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹ Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil Deloitte be om informasjon og dokumentasjon frå Fitjar kommune. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Fitjar kommune som er involvert i landbruksforvaltning. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 4-5 intervju.

3.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Kjersti Gjuvsland (senior manager) og ein prosjektmedarbeidar. Deloitte vil sette saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 235 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Aktivitetar	Timer
Oppstart, prosjektplanlegging og prosjektadministrasjon	25
Revisjonskriterium	20
Datainnsamling (dokumentasjon , intervju)	60
Analyse og rapportskrivning	80
Kvalitetssikring, verifisering, høyring og oversending av endeleg rapport	40
Presentasjon for kontrollutval og deltaking i kommunestyre	10
Totalt	235


Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert per time, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert i tabellen over.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere utgangen av januar 2026, og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2026.² For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Fitjar kommune og Deloitte.

Bergen, 8. januar 2026



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partnar

² Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengnadssjekk før oppstart av prosjekt for å sikre at vi oppfyller uavhengnadskrava som blir stilte til revisor, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer faktiske uavhengnadskonfliktar (for eksempel at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller tilsynelatande uavhengnadskonfliktar (der det ikkje er faktiske uavhengnadskonfliktar, men det kan vere risiko for at tilliten til våre vurderingar og funn svekkast på grunn av ulike forhold knytt til saka).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides leading professional services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets and enable clients to transform and thrive. Building on its 180-year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 460,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2024/4-3
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	4/26	21.01.2026

Møteplan 2026 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til slik møteaktivitet vidare i 2026:

- 25.03.2026
- 27.05.2026
- 03.09.2026
- 18.11.2026

Samandrag

Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den mest mogleg samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Fitjar kommune.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er føremålstenleg å fastsetje møteplan for kontrollutvalet for heile 2026. Dette er særleg viktig av omsyn til handsaminga av årsmelding og årsrekneskap for kommunen, som normalt vert handsama i formannskapet og kommunestyret i mai.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplanen slik den ligg føre.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2024/24-6
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	5/26	21.01.2026

Årsmelding 2025 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2025. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding KUV Fitjar kommune for 2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2025. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der, slik det har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga.



FITJAR

ÅRSMELDING 2025

FOR

KONTROLLUTVALET



Foto: Ingrid Hopsdal

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Medlemmer

Kjell-Aleksander Skogsrud, Ap, leiar

Karen Elisabet Rydland Sæbø Sp, nestleiar

Bjørg Tislevoll, H

Johan Ove Sørffonn, Inp

Rolf-Atle Rolfsnes, Krf

Personlege varamedlemmer

1. Terje Aleksandersen, Ap
2. Tore Nesbø, Ap

1. Gro Rydland, Sp
2. Grete Marit Veka Maraas, Sp

1. Arne Prestbø, H
2. Kristoffer Tufteland, H

1. Martha-Linn Vik Lekven, Frp
2. Thomas Bøe Slettemark, Inp

1. Trond Stokken, Krf
2. Astrid Olaug Bukkøy, Krf

Minst ein av dei valde medlemmane skal og ha sete i kommunestyret, etter reglane i kommunelova. I denne valperioden er Rolf Atle Rolfsnes kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2025

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 22 politiske saker og 9 referatsaker i 2025.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Fitjar kommune. Helge Inge Johansen og Malene Hopsdal Grønningen har utført sekretær oppgaver på kontrollutvalgs møta i 2025.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bømlo, Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore sekretariat for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Fitjar kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariatstenester for fem kommunar i Sunnhordland andre halvår 2022. Avtala gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon på 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskaps plan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Fitjar kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbod på revisjonstenester vinteren 2024/2025. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 23.04.2025 under sak PS 13/2025:

«Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Ansvarleg revisor i Deloitte har vore Birte Bjørkelo som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

I kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

Kontrollutvalget skal påse at det utføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2025.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 20.06.2024:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

I den vedteke planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte forvaltningsrevisjonar:

1. Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid blant barn og unge
2. Forvaltningsrevisjon av beredskap
3. Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiske helsetenester
4. Forvaltningsrevisjon av Stord- og Fitjar landbruks- og miljøkontor.

6.2 Gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Forvaltningsrevisjon innan

Kontrollutvalet bestilte nytt prosjekt etter ny plan i møte 11.09.2025 (PS 24/25) og dette vart vedteke:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av Landbruks- og miljøkontoret på Fitjar, innan første møte i hausthalvåret 2026.
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet seinast innan 08.01.2026.
4. Prosjektplanen skal behandlast i første møte i kontrollutvalet i 2026.

Kontrollutvalet vil handsame prosjektplanen i møte 21.01.2026.

6.3 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Forvaltningsrevisjon innan førebyggjande arbeid blant barn og unge – prosjektplan

Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 10.09.2025 og kommunestyret vedtok innstillinga frå kontrollutvalet i møte 06.11.2025 (PS 37/25):

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Etablere noko meir systematisk rapportering og oppfølging av mål i det førebyggjande arbeidet blant barn og unge.
2. Sikra at fordeling av roller, oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge er tydelege for alle relevante tilsette.
3. Sikra at tilsette i relevante tenester har naudsynt kompetanse til å handle på bakgrunn av bekymring for barn og unge.
4. Sikra at det blir etablert føremålstenlege system for samordning mellom alle aktuelle aktørar, der ein sikrar at den enkelte tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod.
5. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.01.2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet vil handsame oppfølging av handlingsplanen i møte 21.01.2026.

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I kommunelova står dette om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfylgjande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eigarskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 20.06.2024:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte eigarskapskontroll:

1. Overordna eigarskapsforvaltning
2. Eigarskapskontroll av interkommunale selskap

7.2 Gjennomførte eigarskapskontrollprosjekt og oppfølging av desse

Det vart ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2024, og det ligg difor ikkje saker til oppfølging i 2025.

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen.

Dette vart mellom anna omtalt i saksframlegg og uttale:

Av rekneskapen for 2024 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr 4 276 739 som utgjer eit netto negativt resultatgrad på – 1,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto negativ resultatgrad på - 0,20 % i 2024.

Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Fitjar kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2020 (+ 2,22%), 2021(0,52%), 2022 (2,27%), 2023 (-0,44%) og 2024 (-1,06%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2024 er negativt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og noko svakare enn snittet i kommunane for 2024. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fitjar kommune har ei lånegjeld i 2024 tilsvarende 67,83 % av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 69,7% i 2020, 67,9% i 2021, 70 % i 2022 og 74,4 % i 2023. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 9,68 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2024 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 6,22 %.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto negativt driftsresultat er på – 1,06 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%.
- Gjeldsgrad er berekna til 67,83 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 6,22 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %.
- Disposisjonsfond er berekna til 9,68% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%.

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Fitjar kommune er medlem i FKT. FKT arrangerer fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

Det er ikkje gjennomført anna opplæring i 2025.

11 Kontrollutvalet på Fitjar kommune si heimeside.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har ikkje hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2025.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2025, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2024 for kontrollutvalet
- Budsjett 2025 for kontrollutvalet
- Årsmelding mobbeombodet i Vestland
- Interimsrevisjonsrapport

Fitjar, 21.01.2026.

Kjell-Aleksander Skogsrud
leiar i kontrollutvalet

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune

Askedalen 2
6863 Leikanger

telefon: 05557

e-post: anne.kristin.meyer@vlfk.no
e-post: miriam.akkouche@vlfk.no
e-post: kjartan.haugnes@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: malene.hopsdal.gronningen@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/499-12
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	6/26	21.01.2026

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Kontrollutvalet vedtok i det første møtet i den nye valperioden, 06.12.2023, at ein ønsker ein gjennomgang av desse.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på sakslista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastas ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakane som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak i møte 06.12.2023 om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Björg Tislevoll
Formannskap	Karen Elisabeth Rydland Sæbø
Utval for oppvekst og omsorg	Kjell-Aleksander Skogsrud
Utval for plan og miljø	Johan Ove Sørfonn og Rolf Atle Rolfsnes

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemane vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	11.12.2025, 19.12.2025
Formannskap	Ingen nye møter
Utval for oppvekst og omsorg	Ingen nye møter
Utval for plan og miljø	20.01.2026

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/498-11
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	7/26	21.01.2026

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:

«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.